



Vassregionmyndigheit Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
[hfk@post.hfk.no](mailto:hfk@post.hfk.no)

Bergen, 30. juni 2011

### Høyringsvar på planprogram for vassregion Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er representert i den fylkeskommunale referansegruppa for Vassregion Hordaland, og er invitert til å koma med høyringsuttale om planprogrammet. NVH meiner at det er særskild viktig at vassregionmyndigheita får den nødvendige politiske støtte til å gjennomføra planen for ei økosystembasert og heilskapleg forvaltning av vatn og vassdrag. Vasskraftutbygging er den største utfordringa for vassregion Hordaland. Det er naudsynt at Vassdirektivet § 12 vert nytta for å skåne vassdragsnaturen for fleire øydeleggande inngrep.

**Naturvernforbundet Hordaland stiller seg bak fellesuttale frå Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA) og Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN), som er et samarbeidsorgan for WWF-Norge, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforening og Norges Naturvernforbund.**

I tillegg har Naturvernforbundet Hordaland følgjande tillegg:

Vassdirektivet og planprogrammet legg stor vekt på aktiv medverknad, spesielt på vassområdenivå. NVH er positiv til dette, men ser store utfordringar. Ein av desse er at det blir behov for kveldsmøte og kompensering av tapt arbeidsinntekt. Det er sett av midlar til dette, og det er naudsynt at denne støtta vert tilgjengeleg gjennom heile planprosessen. Det er likevel tid og ikkje pengar som blir det største problemet. Dei frivillige organisasjonane og medlemene deira vil gjerne tilby sin kompetanse og kunnskap til dette arbeidet, men har knapt med tid. Dei må difor oppsøkast av vasskoordinatoren og andre i deira eige miljø. Både NVH og FNF-Hordaland kan hjelpa til med å leggja til rettes og delta i møte og synfaringar. Dette vil verta enklare om NVHs arbeid med Vassregion Hordaland kan finansierast som ein del av vassrelaterte prosjekter Naturvernforbundet Hordaland ynskjer å gjennomføre. Ein prosjektmedarbeidar vil ha langt større moglegheit til å fylje prosessen enn det frivillige har.

Naturvernforbundet Hordaland meiner det er bra at det vil utnemnast prosjektleiarar i alle vassregionar, i minst 50 %, gjerne 100 %, stilling. Prosjektleiarane vil fungere som viktige kontaktpersonar i kvart vassområde og vil spille viktig rolle for kommunikasjon og vidareformidling av kommentarar frå frivillige. Kontaktinformasjon for prosjektleiar bør fortest mulig leggest ut på Hordaland sine sider på Vannportalen.

Sidan Vassdirektivet kan vera vanskeleg tilgjengeleg, meiner vi det er bra at det legges opp for størst medverknad lokalt, i vassområda. Dette vil auka interessa for vassforvaltning og dei verdiane som vatnet representerer, både i form av rein natur, verdiskaping og arbeidsplassar, f.eks i naturbasert turisme, som eit naturvenleg alternativ til utbygging og energiproduksjon.

Med venleg helsing  
for Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre  
Midlertidig styreleiar

Nils Tore Skogland  
Dagleg leiar